



DET KONGELIGE
HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENT

Adressatane går fram av vedlagte liste

Deres ref

Vår ref
201003500-/EGA

Dato
.07.2011

Høyring – om forslag til lovendringar i samband med etablering av Norsk helsearkiv og Helsearkivregisteret og forslag til nokre andre endringar i helseregisterlova (intern kryptering) mv.

Helse- og omsorgsdepartementet sender med dette på høyring forslag til lovendringar i samband med etablering av Norsk helsearkiv og Helsearkivregisteret og forslag til nokre andre endringar i *lov 18. mai 2001 nr. 24 om helseregistre og behandling av helseopplysninger* (helseregisterlova).

Høyringsnotatet har to hovuddelar. Del I handlar om nødvendige lovendringar i samband med etablering av Norsk helsearkiv og Helsearkivregisteret. I del II blir det gjort framlegg om å flytte det såkalla kravet om intern kryptering frå helseregisterlova § 8 tredje ledd til § 16. I tillegg blir det presisert korleis departementet meiner at kravet om intern kryptering skal forståast.

Departementet ber høyringsinstansane vurdere om høyringsnotatet bør leggst fram for underordna etatar og verksemder. Høyringsnotatet blir lagt ut på Helse- og omsorgsdepartementet sine nettsider:


<http://www.regjeringen.no/nb/dep/hod/dok/hoeringer.html?id=1904>.

Høyringsfristen er 1. november 2011. Departementet ber om at eventuelle merknader til høyringsnotatet sendast til postmottak@hod.dep.no. Merknader kan også sendast til Helse- og omsorgsdepartementet, Postboks 8011 Dep, 0030 Oslo.

Postadresse	Kontoradresse	Telefon	Helserettsavdelingen	Saksbehandler
Postboks 8011 Dep 0030 Oslo	Einar Gerhardsens plass 3	22 24 90 90 Org no.	Telefaks	Even Gunnarson Anderssen
		983 887 406	22 24 27 69	

Med vennlig helsing

for 
Kari Sønderland e.f.
ekspedisjonssjef


Anne Louise Valle
avdelingsdirektør